

Klasse:	Dans:
Namn på dansarar:	Lag:
Spelemann/-kvinne:	Slått:

RETTLEIANDE BRUK AV POENGSKALAEN (75 poeng er grensa for opprykk til A-klassa)

Lite meistring (0-24 p.)	Nokså god meistring (25-49 p.)	God meistring (50-74 p.)	Særs god meistring (75-100 p.)
-----------------------------	-----------------------------------	-----------------------------	-----------------------------------

Skjemaet er eit personleg arbeidsverktøy for dommararen.

TEKNIKK:

+ / -

RYTME OG SVIKT	
KROPPSBRUK	
BALANSE	
ROTASJON	

INNHALD:

+ / -

SAMDANS	
DANSE PÅ SLÅTTEN	:
VARIASJON	
FORMIDLING	
GODT GJENNOMFØRTE GODKARSTYKKJE:	

HEILSKAPSINNTRYKK:

POENG

Dommarpanelet skal diskutere punkta og omgrepa som står øvst på dommarskjemaet før dei byrjar dømminga. Skjemaet skal hjelpe dommarane individuelt, og som kollegium til å ha ein felles, fagleg plattform i vurderinga av framføringane. Dommarskjemaet er eit personleg arbeidsverktøy for dommaren. Poengskalaen er lik i alle tevlingsklassane.

Teknikk

Dommaren skal dømme dei dansetekniske kvalitetane innanfor ramma av norsk tradisjonsdans. Det er viktig at ein tek omsyn til skilnadar mellom dansedialekter og danseformer i kvart distrikt.

Dommaren må legge vekt på at dansen vert framført med dei stiltrekka som er typisk for tradisjonen, og at dansaren fylgjer rytma i musikken (svikt, rytme, ballanse, rotasjonsteknikk, kroppsføring osv.).

Er grunnsteget er i samsvar med tradisjonen? Korleis vert foten sett ned i høve til takta? Trør dansaren fint og naturleg utan å blande inn andre danseformer (t.d. ballett, swing, hip hop)? Har dansaren/dansarane ei fri og naturleg kroppsføring som høver med tradisjonen?

Innhald

Dommaren skal vurdere om utøvaren dansar på slåtten, og om dansaren/dansarane meistrar å gje framføringa liv og uttrykk. Dommaren skal vurdere om dansarane utnyttar variasjonane danseforma gjev høve til, og om dansen er godt sett saman. Dommaren skal verdsetje dans med karakter, danseglede, rytmisk nerve, variasjon og personleg særpreg. Det må vurderast i kva grad dansen vert framført som ein heilskap, og kan gje ei kunstnarleg oppleving.

Ein god dansar har god kroppskontroll, ein velutvikla dans og eit truverdig uttrykk i samsvar med tradisjonen.

For pardans er det viktig at paret har ein naturleg kontakt seg i mellom. Den som fører skal ha ei tydeleg førarrolle, medan den som følgjer bør syne gode evner til å følgje, i tillegg til å ta ei sjølvstendig rolle i dansen. Alle par skal dømmast på likt grunnlag uavhengig av kjønn.

GODKARSTYKKJE: Vert det gjort godkarstykkje, bør desse falle godt inn i danseforma, slik at det gjev ein naturleg spontanitet. Er kastet stempla? Med stempla kast meinast at dansaren landar på begge føtene – eller (overstempla kast) på same foten som han satsar på (gjeld særleg halling).

LAGDANS: Her gjeld dei same kriteria som for pardans. I tillegg skal dansepara utgjera ein heilskap som samsvarer med eit godt og variert dansegolv. Det skal vera rom for individuelle tolkingar som variasjon i motiv, humør og ulike kroppslege rytmiseringar. Ringen sviv godt med eit felles fokus omkring slåtten. Dansarane er gode til å ta omsyn til kvarandre, tek og gjev rom.

Framgangsmåtar

Dommarskjemaet er meint som eit arbeidsverktøy, og kvar dommar kjem fram til ei heilskapleg vurdering av kvar enkelt framføring. Samla poengsum per deltakar er maks 100 poeng. 75 poeng er grensa for opprykk på Landskappleiken. Bruk notatfeltet aktivt på dommarskjemaet, sett t.d. pluss og minus med kommentarar. Kvar enkelt dommar skal koma fram til ein samla poengsum for heile framføringa i ein skala frå 0 – 100, som skal noterast nedst i høgre hjørne. Gjennomsnittet av poenga frå alle dommarane dannar grunnlag for resultatliste.

Dommaren skal vurdere danseparet som ein heilskap og gje poeng til sjølve framføring og ikkje til kvar einskilt dansar (gjeld pardans).